



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/7230 - 20/18748

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

14.04.2020

Svar på søknad om dispensasjon frå kommunal veg - terrengmur - GBNR 233/127 Eide indre

Tiltak: Etablering av mur langs kommunal veg
Byggestad: Ørnova 48 – Gbnr 233/127 Eide indre
Tiltakshavar: Dag Haarklau
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot veg for oppsetting av mur.

Sakutgreiing:

Informasjon om saka:

Tiltakshavar har tidlegare vore i kontakt med byggesaksvakta vedkomande oppsetting av støttemur langs eigedomsgrense. Området er ikkje regulert og fell inn under unntak frå krav om utarbeiding av reguleringsplan, jf. føresegn 2.2.1 i Kommuneplan for Lindås 2011-2023.

Tiltakshavar ønskjer å oppføre ei terrengmur som skjuler steinfylling mot kommunal veg. Ei terrengmur vil gje betre areal foran garasje og bustad. Terrengmuren er tenkt i ei høgde mellom 0,5 meter og 2,0 meter. Muren vil ha ei lengde på om lag 25 meter.

Vurdering/drøfting:

Muren vil verte etablert på eigen grunn og ha ei minste avstand frå kant kommunal veg på minimum 1,0 meter. Muren er tenkt plassert slik at den ikkje tek sikt i kommunal sving eller i privat avkjørsle. Muren er tenkt etablert slik at ein ikkje får avrenning av overvatn mot kommunal veg.

Kommunal veg er i dag tilkomstveg for bustad på gbnr 233/127 og på gbnr 233/128. Vegen er også tilkomstveg for gbnr 233/104 som i kommuneplan for 2011- 2023 er avsett til framtidig offentlig tenesteyting. Føremål med terrengmur er å få ein meir lettstelt tomt,

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

00

post@alver.kommune.no

www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Organisasjonsnummer: 920 290 922

samstundes som at tilkomst til både garasje og bustad vert betre. Fyllingskråning, slik den fremstår i dag, er lite pen og vanskeleg å vedlikehalde.

Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn og avløp finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot veg på vilkår.

Vedtak:

Alver kommune gjev, med heimel i Veglova § 29, dispensasjon frå avstandkrav til offentleg veg for etablering av mur på gbnr 233/127 på følgjande vilkår:

- Mur skal være etablert inne på eigen grunn. Minste avstand mellom kant offentleg veg og næraste del av mur skal være minimum 1,0 meter.
- Mur skal være etablert slik at tekniske krav til avkjørsle vert stetta (jf. Veglova § 40-43, vegnormal N100 og forskrift om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler frå offentlig veg»).
- Mur skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av mur under arbeid på og langs kommunal veg.
- Overvatn skal ikkje verte leda til kommunal veg/veggrøft men til terreng på eigen grunn.
- Alver kommune fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltak som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det oppstår skader på tiltak, som følgje av tiltaket sin plassering, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av tiltak må sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gjer merksam på at tiltaket er søknadspiktig etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør
Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alver kommune ved byggesak

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson

Kvalen 16

5955

LINDÅS